

Referat frå bygdemøte om kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Møtet byrja med tur til Solheimsvika, og orientering om denne.

Jon Askeland opna sjølve bygdemøtet og ynskte velkommen.

Lisbeth Alvær informerte om planarbeidet, som starta for to år sidan. Den gong vart planprogrammet vedtatt, men arbeidet stoppa deretter opp. Det er no sett ned ei plangruppe som skal jobba vidare med planen. Visjonen for planen er «Alle i aktivitet». Planen skal omhandla meir enn berre anlegg, og universell utforming vil stå sentralt i planarbeidet. Det er eit mål om brei deltaking i planprosessen.

Innleiarar på møtet var fylkesidrettssjef Britt Karin Spjeld og Børje Møster.

Britt Karin Spjeld snakka om kor viktig det var at folk er fysisk aktive og korleis folk er fysisk aktive.

- Eigenverdien av fysisk aktivitet bør ha fokus i planen; aktivitet må ha nytte for den einskilde, og ikkje berre samfunnsøkonomisk.
- Det er færre jenter enn gutter som er fysisk aktive. Korleis kan me fanga opp fleire av dei?
- Friluftsliv er dei aktivitetane flest deltar i. I Radøy er det berre søkt midlar til ei turløype. Me må søkja meir på friluftsliv. Friluftsliv kan få midlar med ein gong då det ikkje er kø. Parkeringsplassar er viktig.
- Tenk på høve til alternativ bruk av og nye aktivitetar i eksisterande anlegg.

Innleiar Børje Møster snakka mellom anna om korleis ein kunna bruka naturen aktivt og verdien av uorganisert aktivitet. Ein må tenkja på aktivitet for leiken sin del. Konkurransar og aktivitetar som stiller krav til ein passar ikkje for alle.

Innspel frå salen:

- Betre høve til padling for eksempel utleige av kanoar og kajakkar. Rydding av padleløypa på langs av Radøy.
- Betre merking av fiskeplassar. Kan me få til eitt fiskekort for heile kommunen?
- BMX-bane. Dette skal allereie vera regulert for i Austmarka.
- Fleire sandvolleyballbaner
- Kunstgrashall for fotball slik at andre aktivitetar kan få meir tid i hallane.
- Tilbod om FFO. Er det mogleg å få til?
- Gang- og sykkelvegar og turvegar med lys.
- Svært viktig med kunnskap om naturen.
- Det må opplysts betre om turar i Radøy. Desse er lite kjend og därleg merka.
- Kan me få til isbane om vinteren?
- Open hall
- Klatring
- RC-bane?